




FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TAR VARE PÅ ROGALAND

ÅRSMELDING 2016



Kva gjer Fylkesmannen?

Eg har vore fylkesmann sidan 1. november 2013. Det hender eg blir forveksla med fylkesordføraren eller fylkesrådmannen. Det er kanskje ikkje så rart. Titlane liknar kvarandre.

Fylkesmannen er likevel staten sin representant i fylket, fylkesordføraren og fylkesrådmannen er dei øvste leiarane for det folkevalde organet fylkeskommunen.

MANGE OPPDRAG

Fylkesmannen får oppdrag frå 11 departement og 10 direktorat. I Rogaland er me til saman 190 personar og har fire hovudoppgåver:

- Me skal opplysa, rettleia og sjå til at nasjonal politikk vert følgt opp i fylket.
- Me skal gjera vårt til at den einskilde innbyggjaren opplever rettstryggleik. Eit døme er likeverdige tenester innan helse, omsorg og utdanning, eit anna er likeverdig behandling av ei byggesak.
- Me skal ta initiativ og seia frå til sentrale styresmakter dersom me meiner det er noko som ikkje fungerer slik det er tenkt frå nasjonalt hald.
- Me er Kongehuset sin representant i fylket. Me formidlar til dømes ønske om besøk eller søknader om medaljar eller ordenar.

Fylkesmannen held til i Statens Hus, Lagårdsveien 44, Stavanger.

NOKRE GLIMT INN I KVAR DAGEN VÅR

Som de skjønar har me mykje å stella med. Denne årsmeldinga gir langt frå heile oversikta. Me nemner nokre av dei sakene som prega 2016:

- Fleire i arbeid
- FN's barnekonvensjon
- Ta vel imot flyktningar
- Kommunereforma
- Jordvern
- Kvifor og korleis me fører tilsyn



Magnhild Meltveit Kleppa er fylkesmann i Rogaland.

Det er eit privilegium å leia eit embete med så mange engasjerte og dyktige folk. Det sit mykje fagkompetanse i veggene her!

Saman legg me ned ein stor innsats for å sikra rettstryggleik for einskildmennesket og nasjonale interesser på viktige politikkområde. Me vil gjerne at fleire skal vita endå meir om kva me steller med, derfor denne kortversjonen av noko av det me arbeidde med i 2016.

Av og til skriv eller ringjer nokon til oss for å seia frå om at me ikkje gjer godt nok arbeid. Årsmeldinga er også meint som eit høve til å melda tilbake. Det er rom for betring!

Stavanger, mai 2017

*Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann*

ÅRSMELDING FOR FYLKESMANNEN I ROGALAND 2016.

Utforming og trykk: Gunnarshaug Trykkeri AS.

Redaktør: John Gunnar Skien.

Ansvarleg redaktør: Magnhild Meltveit Kleppa.

Dette er leiargruppa hos Fylkesmannen i Rogaland:



MAGNHILD MELTVEIT KLEPPA
Fylkesmann



HARALD THUNE
Assisterande fylkesmann



JOHN GUNNAR SKIEN
Kommunikasjonssjef



ARILD MICHELSEN
Avdelingsdirektør
Administrasjonsavdelinga
Tilsette: 24



JANNE DAHLE-MELHUS
Fylkeslege/avdelingsdirektør
Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga
Tilsette: 41



GEIR SKADBERG
Landbruksdirektør
Landbruksavdelinga
Tilsette: 29



MAY BRITT JENSEN
Fylkesmiljøvernssjef
Miljøvernavdelinga
Tilsette: 23




LONE M. SOLHEIM
Avdelingsdirektør
Samfunns-, beredskaps- og kommunalavdelinga
Tilsette: 44



SØLVI ONA GJUL
Utdanningsdirektør
Utdanningsavdelinga
Tilsette: 19

Det er om lag 190 tilsette hos Fylkesmannen i Rogaland. Me er organiserte i seks avdelingar.





Barnekonvensjonen er barnas grunnlov

I 2015 starta Fylkesmannen i Rogaland prosjektet Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Nå er Gjesdal, Haugesund, Hjelmeland, Hå, Lund, Randaberg, Rennesøy, Sandnes, Sokndal, Strand, Time, Utsira, Egersund, Finnøy, Forsand og Rogaland fylkeskommune med i prosjektet.

Sjumilssteget er eit program og ein metode utvikla i fylkesmannsembetet i Troms, og handlar om korleis FNs barnekonvensjon ("barnas grunnlov"), kan flyttast frå teori til røyndom. Prosjektet handlar om å konkretisera artiklane i barnekonvensjonen og gjera kommunane i stand til å bruka desse når dei planlegg og kvalitetssikrar tenestene sine til barn og unge.

UNGDOM MØTTE FYLKESMANN KLEPPA

Høgdepunktet i 2016 var då fylkesmannen 12. april inviterte 70 ungdommar frå sjumilsstegskommunane til dialogmøte. Målet med dialogmøtet var at dei unge skulle formidla egne erfaringar frå tenestetilboda i kommunane. Her fekk dei koma med meiningane sine, ta opp saker som dei var opptekne av, og foreslå løysningar på problem som gjaldt dei. Alt innanfor ramma av FNs barnekonvensjon. Dialogmøtet var barn og unge sitt høve til å møte fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa. Me fekk stadfest at me gjennom sjumilsstegsatsinga må prioritera arbeidet med å auka barn og unge sin medverknad. Og me må få meir kompetanse på kva reell medverknad krev av alle som arbeider med barn og unge. Me har høyrte at helsesøster er viktig og at det er for få i kommunane når dei unge treng hjelp. Ungdommane ønsker større fokus på vern av privatlivet deira, og vil gjerne få foreldre på kurs i temaet. Fylkesmannen utfordra ordførarar og rådmenn til å invitera til liknande dialogmøte i eigen kommune.



Anita Olufsen er prosjekt-leiar for Sjumilssteget.

GJESDAL GODT I GANG

Sjumilsstegskommunen Gjesdal har utmerkt seg i arbeidet med omsetja barnekonvensjonen i praksis. Ordføraren i Gjesdal blei derfor utfordra til å leia Oppvekstkongressen 9. juni 2016, der me for tredje året på rad tok opp kva ein god oppvekst i realiteten



"...barnekonvensjonen er styrkt på fleire område, men det er likevel ein veg å gå før me når målet"

betyr for kvart einskild barn, både når det kjem til kvalitet på tenestene i kommunen, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats.

PÅ VEG, MEN IKKJE I MÅL

Medvitte om barnerettane i barnekonvensjonen er styrkt på fleire område, men det er likevel ein veg å gå før me når målet i prosjektet *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland* om at barnekonvensjonen skal vera kjent og førande for alt arbeid retta mot barn og unge i kommunane, fylkeskommunen - og i fylkesmannsembetet.



Glassjenta – ka då ittepå?

I august 2014 sender ei ung jente ein e-post til Stavanger Aftenblad. E-posten set i gang den mest omfattande reportasjen frå norsk barnevern, og er ei forteljing om ei jente som har blitt svikta av det systemet som skal sikra dei som treng det mest.



Stavanger Aftenblad har gjennom ei rekke reportasjar fortalt historia til "Ida". Faksimile.

Som tilsynsmyndigheit på barnevernsområdet har ein svikta når media klarer å avdekka det som eit tilsyn skulle ha avdekt. Det blei derfor behov for å granska saka nærare. Korfor hadde me ikkje klart å gjera jobben vår, og kva kan me gjera for å ikkje svikta dei andre glasjentene og -gutane som finst der ute?

STOR, FELLES GRANSKING

Ei omfattande gransking blei starta. Tre fylkesmenn (Rogaland, Hordaland og Troms) med støtte frå Statens Helsetilsyn, granska 14 verksemder; kommunar, barnevernsinstitusjonar, helseføretak og statlege etatar. Og me granska oss sjølve. Me fann at ingen av oss hadde gjort ein god nok jobb. Tilsynsrapporten fekk tittelen «Dei forstod meg ikkje», for me hadde ikkje forstått kva denne jenta prøvde å fortelja oss.

Både mediasaka og tilsynsrapporten fekk stor merksemd, både i media, i fagmiljøa, hos politikarar og hos folk flest. Ei rekke møte og høyringar er gjennomførte, forslag til nye tiltak og lovendingar er sende ut.

KVA NO, NÅR DEN STØRSTE MERKSEMDA HAR LAGT SEG?

Alt i 2016 har me som tilsynsmyndigheit sett endringar i fagmiljøa og hos oss sjølve. Dei som jobbar med utsette barn i kommunane og i institusjonar øver på å bli betre til å skjønna barna sitt

språk, både orda og handlingane dei bruker for å fortelja korleis dei har det.

Barnevernstenestene og helsetenestene er blitt betre på å arbeida saman om å hjelpa, og på å tetta gapet mellom stolane som dei ungane som treng det mest kan falla mellom.

Hos Fylkesmannen skal me bli flinkare til å vera vaksne som ungar kan stola på. Me vil bli endå betre til å fortelja kven me er og kva me kan hjelpa med. Me vil bli flinkare til å følgja med når dei som jobbar med desse sårbare barna bruker tvang.

Nokre gonger treng me dei opprørande, personlege forteljingane for å bli minna om dei som treng oss mest. Då må me nytta slike saker så godt me kan for å hindra at fleire får slike forteljingar som si livsforteljing.

«Ka då ittepå» er eit uttrykk som oppstod i kjølvatnet av at Stavanger var kulturby i 2008. Spørsmålet ein no kan stilla seg er kva me sit igjen med etter at den største merksemda er over, dei engasjerte talane er haldne og blitzlampane er sløkte. Korleis tar me vare på lærdommen?

Folk skal involverast

I 2016 har brukarinvolvering i tilsynsarbeidet vore eit satsingsområde i helse-, sosial- og barnevernsavdelinga vår.

I lag med fleire andre fylkesmannsembete har me delteke i Statens Helsetilsyn sitt Involveringsprosjekt. I avdelinga har to medarbeidarar eit særleg ansvar for å prøva ut ulike former for brukarinvolvering i tilsyn saman med leiinga og medarbeidarane i avdelinga.

BRUKARINVOLVERING I HENDINGSBASERTE TILSYNSSAKER

I løpet av året har ein prøvd «dialogbasert tilsyn» i ulike saker. Dette har vore saker der ein ikkje har sett klare pliktbrøt, men heller vanskar i kommunikasjonen mellom dei som tilbyr tenestene og dei som er treng tenestene. Det handlar gjerne om haldningar og kompetanse i tenesta.

Fylkesmannen har i desse sakene invitert til avklaringsmøte der målet har vore å:

- Opplysa fleire sider av saka
- Få fram kva som er viktig for den som klagar
- Avklara status for saka på eit tidleg tidspunkt i saksgangen.

Tilbakemeldinga frå brukarar og pårørande, og dei fleste det har blitt klagd på, er gode når det gjeld denne måten å behandla klagesakene på.

BRUKARINVOLVERING I PLANLAGT TILSYN

I 2016 var brukarintervju ein del av informasjons-

grunnlaget i fire av dei planlagde tilsyna innan helse- og sosial- og barnevernsområdet:

- Tilsyn med fengselshelsetenesta i to kommunar
- Tilsyn med sosiale tenester til unge mellom 17 og 23 år ved to NAV-kontor
- Landsomfattande tilsyn overfor psykisk utviklingshemma som har helse- og omsorgstenester

I samband med brukarinvolvering i tilsynet med NAV fekk Fylkesmannen hjelp frå kontoret sitt brukarutval til å planlegga korleis involveringa kunne bli best mogleg. Brukarane har stadfesta informasjonen frå tilsette i tenestene – og den informasjonen Fylkesmannen har fått. Brukarane har også hatt informasjon som dei som driv med tilsyn hos oss truleg elles ikkje ville fått.

BRUKARINVOLVERING HAR KOME FOR Å BLI

Involvering av brukarar og pårørande er ikkje nytt for helse-, sosial- og barnevernsavdelinga vår. Deltaking i Involveringsprosjektet har likevel tilført oss nye erfaringar om korleis me kan gjera dette på gode måtar. Interesseorganisasjonar/pårørandeorganisasjonar, tenesteutøvarar og pasient- og brukarombod i regionen vår er med i ei referansegruppe som gir innspel på korleis me kan få til god involvering. Me vil halda fram med å arbeida systematisk med dette, også etter at prosjektperioden er over, for å sikra medverknad og utvikling av Fylkesmannen sitt tilsynsarbeid.



Fylkesmannen i Rogaland held til i Statens Hus i Lagårdsveien 44 i Stavanger.

Ein ny måte å tenka tilsyn på

Tilsyn er ei viktig oppgåve for Fylkesmannen på dei mange fagområda våre. Tilsynssaker oppstår etter klager frå pasientar og pårørande – og andre kjelder om mogleg svikt i tenestene.

Tilsyn kan og vera ein systematisk gjennomgang av lovkrav og internkontroll innan eitt eller fleire fagområde (systemrevisjon) eller som tilsyn der tenestene granskar seg sjølve (sjølvmeldingstilsyn).

DINE ERFARINGAR ER VIKTIGE

Pasientar, brukarar og pårørande sine erfaringar frå møte med tenestene er viktige og nyttige for

tilsyn på helse, sosial og barnevernsområdet. Både Helsetilsynet og Fylkesmannen er overtydd om at erfaringane dei deler gir betre faktagrunnlag, betre risikogrunnlag og prioritering av tilsyn. Tilsynet blir meir relevant og vesentleg – og bidrar til forbetring av tenestene.

Involvering i tilsyn er ei satsing hos Statens helsetilsyn i perioden 2015-2019. Helsetilsynet, i samarbeid med fylkesmennene, har særleg merksemd på å prøva ut involvering av pasientar, brukarar og pårørande i alle former for tilsyn. Fylkesmannen skal som hovudregel innhenta erfaringar frå barn og vaksne som brukarar, pasientar og pårørande i planlegging, gjennomføring og avslutning av tilsyn.

Fleire må ha hjelp i nedgangstider

Den høge arbeidsløysa i fylket fører til at fleire mistar retten til dagpengar. Ein del av dei som mistar dagpengane, har økonomisk sosialhjelp som einaste inntekt.

Fylkesmannen ser av tala me har henta inn frå NAV-kontora at talet på mottakarar av sosialhjelp held fram med å veksa.

	2015	2016	Endring
Mottakarar av økonomisk stønad	11 117	12 303	+ 11%
Mottakarar med økonomisk stønad som hovudinntekt	4 428	4 655	+ 5%
Unge mottakarar (under 25) av økonomisk stønad	2 975	3 148	+ 6%
Mottakarar med barn under 18 år i hushaldet	2 779	3 240	+ 16,6%

FRAMLEIS STORE FORSKJELLAR MELLOM KOMMUNAR

Sjølv om tendensen i fylket er ein auke på alle område, er skilnadene mellom kommunane store – og utviklinga ulik. Finnøy har til dømes

nedgang i talet på sosialhjelpsmottakarar, mens nabokommunen Rennesøy har ei auke på 45 prosent. På Jæren ser me at Time er den einaste kommunen med nedgang i talet på unge mottakarar.

I dei fire største kommunane er det fleire personar med barn som no får sosialhjelp. I Stavanger har talet auka med 21 prosent. Haugesund og Karmøy har nedgang i talet på unge sosialhjelpsmottakarar.

AKTIVITETSPLIKT INNFORT

Utviklinga viser og at det er fleire som får sosialhjelp over lengre tid, sjølv om sosialhjelpa i utgangspunktet er meint som ei kortvarig hjelp. Dette er ei utfordring for dei det gjeld, og særleg for ungdom som over tid blir ståande utanfor arbeids- og utdanningsmarknaden. Eit tiltak for å motverka denne utviklinga, er innføring av aktivitetsplikt frå 2017 for ungdom under 30 år som søker om sosialhjelp. Kommunane får dermed ei plikt til å krevja aktivitet for ungdom ved tildeling av økonomisk stønad. Aktivitetsplikta skal styrka dei unge sine sjansar for overgang til arbeid, utdanning eller andre former for sjølvforsørging – og bidra til å hjelpa unge ut av eit passivt tilvære.

Storbysatsing hos Fylkesmannen i Rogaland



Bussveien er den største kollektivsatsinga me har hatt i Rogaland. Foto: Melvær&Co.

Stadig fleire av oss bur i byar og tettstader. I Noreg bur no om lag 1/3 av befolkninga i storbyregionar. Fram mot 2030 er det venta at denne andelen aukar, og dei største byområda kan få ein vekst i folketalet på opp mot 30 prosent. Dette krev effektivitet og samhandling.

Rogaland følgjer den same trenden som resten av landet med 87 prosent av oss busette i byar og tettstader. Vidare viser befolkningsframskriving at hovuddelen av veksten i fylket fram mot 2040 er konsentrert rundt storbyområdet i Stavanger-regionen.

BYANE VEKS, DET KREV GOD PLANLEGGING

At byane veks raskt og mykje byr på utfordringar rundt arealdisponering, klimatilpassing, transport, helse og livskvalitet. Det skaper behov for rask og heilskapleg planlegging av arealbruk for næring, bustad, transport og annan infrastruktur. Dette har regjeringa gripe tak i gjennom plansatsing mot store byar. Satsinga skal styrka kompetansen og kapasiteten, og sikra meir samarbeid på fleire område, på tvers av sektor- og kommunegrensene. Eit ledd i denne satsinga i storbyområdet er oppretting av ei prosjektstilling hos Fylkesmannen. Formålet er at satsinga skal medverka til ei framtidsretta byplanlegging og betre bymiljø.

Prosjektlear for storbysatsinga er ein del av plangruppa i miljøvernavingdelinga. Dette har bidratt

til eit meir koordinert arbeid og bevisstgjerjing på tvers av avdelingane hos oss.

Same stillinga er oppretta i dei største byregionane i landet; Oslo, Bergen og Trondheim. Det er oppretta eit nasjonalt nettverk med representantar frå dei ulike storbyområda. Dette er ein fagleg arena for kunnskaps- og erfaringsutveksling. Storbyområda er ulike, men har mange av dei same utfordringane.

BETRE KAPASITET I BY

Fylkesmannen i Rogaland har tidlegare ikkje hatt nok kapasitet til å følgja opp alle plansaker innan storbyområda. På grunn av prosjektstillinga følgjer me nå opp i alle saker. Dette sikrar tidleg dialog, avklaringar og koordinering mellom staten, kommunane og fylkeskommunen. Det er fleire store prosjekt under arbeid i Stavanger-regionen. Eit døme er den største kollektivsatsinga i regionen, Bussveien. Interkommunal kommunedelplan for Forus er eit anna stort prosjekt. Prosjektleiaren vår deltar i møte, samordningsgrupper og arbeidsgrupper for dei to prosjekta. Dette bidrar til større effektivitet og meir samordning. Dette



Bussveien blir 50 km lang og skal gå frå Tananger og Kvernevik til Stavanger sentrum – og vidare sørover mot Forus, Sandnes og Vatne. Kartsisse: Statens vegvesen.

har vore ein styrke, både for Fylkesmannen og for byområdet.

Hos oss består storbyregionen av dei fire kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg. Nett no jobbar storbyregionen for å forhandla fram ein byvekstavtale. Dette er ein ny måte å jobba med areal og transport på, der stat, fylkeskommune og kommune skal inngå forpliktande avtale mellom

forvaltningsnivåa. Avtalen skal konkretisera tiltak som gir ønskt utvikling. Det har vore arbeid med ein bymiljøavtale lenge, som ein del av Bypakke Nord-Jæren (bompengepakke). Frå 2016 har det handla mykje om ein byutviklingsavtale med fokus på arealbruk i storbyområdet. Det blei jobba med avtalen i ei arbeidsgruppe med representantar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kommunane og fylkeskommunen. Dei to avtalane, bymiljøavtalen og byutviklingsavtalen, er no slått saman til ein avtale – byvekstavtalen. Fylkesmannen er observatør i forhandlingsutvalet, prosjektleiar vår for storbysatsinga er med som fagbistand.

Ressursen med prosjektleiar har også blitt nytta til å oppretta ein arena for fagleg utvikling og erfaringsutveksling for kommunane, fylkeskommunen og staten. Som nemnt er det fleire store og viktige prosessar i regionen no, på tvers av kommunegrensene. På fagsamlingane har me hatt ulike tema relatert til byutvikling på sakslista. Me har mellom anna hatt seminar om klimatilpassing og overvasshandtering, støy og fortetting i knutepunkt og langs kollektivaksar, blågrøn struktur i by, kultur som byutviklar og barn og unge i planlegginga. Seminara har vore fullbooka og prega av diskusjon og dialog.

For Fylkesmannen i Rogaland har den 4-årige storbysatsinga vore ein styrke. Det har gjort at Fylkesmannen kan engasjera seg meir og ha fleire ressursar til å gå i tidleg dialog og vera del av arbeidet i storbyregionen. Tilbakemeldingane frå samarbeidspartnarane våre har vore positive. Dei viser til at det er ei hjelp at Fylkesmannen er tidleg og tydeleg inne i store prosessar som omhandlar storbyområdet.

SENTRALE OPPGÅVER FOR FYLKESMANNEN

- Gjennom rettleiing, dialog og tilsyn med kommunane og fylkeskommunen medverka til å setja nasjonal politikk ut i livet
- Vera eit samordningsorgan på regionalt nivå som skal bidra til samordning av statlege oppgåver retta mot kommunane
- Bidra til rettstryggleiken gjennom rolla som klageinstans og ved å føra tilsyn med kommunar og institusjonar
- Medverka i fornyings- og utviklingsverksemd
- Verka til gagn og beste for fylket, ta initiativ, og halda sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket.



Tilsyn med industri hindrar forureining

Fylkesmannen fører tilsyn med verksemder der me har gitt løyve, eller der dei skal følgja bestemte vilkår. Føremålet er at miljøregelverket skal bli følgt. Hovudmålet er å hindra utslepp som forureinar naturen rundt oss.

Me fører eit risikobasert tilsyn. Det betyr at dei som har størst potensiale til å forureina, blir kontrollerte. Totalt kontrollerte Fylkesmannen i Rogaland 70 verksemder i 2016 (mot 85 i 2015).

TILSYN VIRKAR

Dersom me avdekker avvik frå regelverket gjennom tilsyna våre, gir me verksemda ein frist til å retta det opp. Alvorlege avvik blir alltid følgde opp med nytt tilsyn, tvangsmulkt – eller dei blir melde til politiet. Tilsyn er eit viktig verkemiddel som bidreg til at utsleppa går ned. Tilsynet vårt har til dømes ført til stans i utslepp av plastarmeringsfiber til sjø, reduksjon av tungmetall til avlaupsnett/vatn og færre avfallsbrannar.

MÅLET FOR TILSYNA

Utslepp av helse- og miljøfarlige stoff skal vera minimalt og forureining skal i så liten grad som mogleg skada helse og miljø.

Fylkesmannen sitt tilsyn med industri i 2016 var delt mellom:

1. Tilsyn med industri med løyve. Fylkesmannen i Rogaland har 264 slike løyve, og i 2016 fekk 35 av desse ordinært tilsyn (31 i 2015). Temaet for tilsyna er å sjekka kva verksemda har gjort med utslepp til luft, jord og vatn, knytt til kva dei har løyve til å sleppa ut. I tillegg til eigenkontrollen som verksemda sjølv gjer kvart år, gir tilsyn med verksemda god kontroll med miljøutsleppa.
2. Landsomfattande tilsyn styrt frå Miljødirektoratet: 11 (26 i 2015) Tema har vore:
 - 2.1 Skipsverft
 - 2.2 Plastprodusentar
 - 2.3 Betongprodusentar
3. Eigeinitiert, risikobasert tilsyn med verksemd utan løyve: 24 (29 i 2015). Verksemder som har oppdrag innan offshore-industrien har vore kontrollerte i fleire år. Heimel for tilsyn er lovkravet til farleg avfall, og krava til asfaltverk, oppdrettsnøter, fiskeforedling, reint brensel, overflatebehandlarar, produksjon av pukk, m.m.





Kva er framtidfullmakt?

Ordninga med framtidfullmakt er eit nytt privatrettsleg alternativ til verjemål. Med framtidfullmakt får du høve til å fastsetja kven som skal passa på økonomien din og dei personlege interessene dine dersom du i framtida ikkje lenger er i stand til det sjølv. Fylkesmannen kan i følgje verjemålslova stadfesta når fullmakta trer i kraft.

Ei framtidfullmakt er i lova definert som «ei fullmakt til ein eller fleire personar om å representere fullmaktsgivaren etter at fullmaktsgivaren på grunn av sinnsliding, medrekna demens, eller alvorleg svekka helse ikkje lenger er i stand til å vareta interessene sine innan dei områda som blir omfatta av fullmakta.»

Vanlege fullmakter mister verknaden sin når fullmaktsgivar blir ute av stand til å inngå rettsleg bindande disposisjonar, for eksempel ved langt framskriden demens. Me seier gjerne at han eller ho har mista den rettslege handleevna si. Dette er i samsvar med avtalelova § 22, som blei endra då den nye lova om verjemål tredde i kraft 1. juli 2013. Utgangspunktet er altså at vanlege fullmakter ikkje er gyldige dersom fullmaktsgivar mister den rettslege handleevna si.

INNHALD OG OMFANG

Framtidfullmakter kan omfatta både økonomiske og personlege forhold. Når det gjeld personlege forhold, er det visse forhold som ikkje kan omfattast utan særskild heimel i lov, til dømes samtykkje til organdonasjon eller bruk av tvang. I økonomiske forhold vil det vanlegaste vera å gi fullmektigen fullmakt til å disponera bankkonto for betaling av løpande rekningar, til å selja bustad og til utdeling av gåver/arveforskot. Det er viktig å vera klar over at fast eigedom skal konkretiserast med gards-, bruks- og kommunenummer.

FORMKRAV

Det er krav om at framtidfullmakta skal vera skriftleg og at det skal vera to myndige vitne som er til stades saman med fullmaktsgivar ved signering. Fullmektigen kan ikkje vera vitne, og det same gjeld fullmektigen sin ektefelle/sambuar, foreldre, barn eller barnebarn. Fullmaktsgivar må forstå meininga i fullmakta si når ho blir skriven. Det kan med fordel innhenta legeattest, slik at det ikkje i etterkant kan stillast spørsmål ved fullmaktsgivar si rettslege handleevne ved opprettinga. Det må vidare gå klart fram av fullmakta at ho skal gjelda etter at fullmaktsgivaren har mista evna til å vareta interessene sine.

FLEIRE KAN FÅ FULLMAKT

Ei framtidfullmakt kan ein gi til ein eller fleire personar. Det blir tilrådd at fullmaktsgivar peikar ut ein reservefullmektig i tilfelle fullmektigen blir ute av stand til å utføra oppdraget sitt – eller blir inhabil.

STADFESTING AV AT FRAMTIDFULLMAKTA SKAL TRE I KRAFT

Ei framtidfullmakt er gyldig utan Fylkesmannen si stadfesting. Statens kartverk krev likevel at Fylkesmannen stadfestar når framtidfullmakta trer i kraft før dei godtek tinglysing. I praksis vil dermed dei aller fleste framtidfullmakter måtta stadfestast av Fylkesmannen når dei skal tre i funksjon.

Kan naboen få gjera som han vil?

Fylkesmannen har ei viktig rolle som konfliktløysar i plan- og byggjesaker. Det er likevel berre eit fåtal av klagarane som får medhald i klageinstansen. Fylkesmannen har ei rekkje omsyn å ta i rolla som klagebehandlar.

Kommunen sine vedtak i byggjesaker blir gjerne påklaga av ein utbyggjar som ikkje får så god utnytting av eigedommen som han eller ho ønskjer, eller av ein nabo som meiner at utnyttinga som kommunen har gitt løyve til er for høg.

Fylkesmannen vil sjå til at viktige bygningselement og bygningsmiljø blir tatt vare på, samstundes som nye utbyggingar må ta omsyn til eksisterande bygnings- og naturmiljø. I dei fleste byggjesakene har arealutnyttinga på førehand blitt vurdert i ein arealplan (reguleringsplan/kommuneplan). Ein del reguleringsplanar er likevel sær gamle og må nok kunna seiast å ha gått ut på dato. Det er ikkje minst i slike eldre planområde at dispensasjonsvedtak som tillèt auka utnytting av einskilde eigedommar kan føra til nabokonfliktar og klager til Fylkesmannen.

SJØLVSTYRE – OG NASJONALE OG REGIONALE OMSYN

Ein nabo kan med rette påpeika at reguleringsplanar skal vera føreseielege og at endringar av desse ikkje bør skje gjennom dispensasjon. Fylkesmannen må vega dette omsynet opp mot andre viktige samfunnsomsyn som at også eldre utbyggingsområde bør få ei naturleg utvikling. Omfattande planendringar i tråd med nasjonale føringar om god arealutnytting kan vera ein føretrekt framgangsmåte, men vil òg kunna vera sær ressurs- og tidkrevjande. Fylkesmannen er i slike saker pålagt å leggja stor vekt på kommunen sine arealmessige vurderingar (omsynet til det lokale sjølvstyret). Fylkesmannen skal samstundes sjå til at viktige nasjonale og regionale omsyn ikkje blir skadelidande. Det bør til dømes som hovudregel ikkje tillatast utbyggingar i strandsona, i tilknytning til viktige friluftsområde og grøntstrukturar, eller i område der ei utbygging kan vera til skade for landbruksdrifta. Bustadområde må dessutan ha godt plasserte og utforma leikeområde for ungar.

Fylkesmannen skal i saksbehandlinga vera særleg merksam på at utbyggingar ikkje skadar naturmangfaldet. Sjølv om plan- og bygningslova gir viktige føringar for behandlinga av byggjesaker, må Fylkesmannen også sikra at føresegner i anna lovverk, ikkje minst naturmangfaldlova, blir følgde.

RASKARE SAKSBEHANDLING

Det er viktig for mellom anna å få til ei effektiv

konfliktløysing, at byggjesaker blir behandla så snart råd er. Det er gjort fleire endringar i lovverket som skal sikra raskare saksbehandling. Det blir frigjort ressursar til betre offentleg saksbehandling ved at dei minste byggverka nå kan oppførast utan søknad og nabovarsling, dersom dei er i samsvar med planar og anna lovverk. Det er utbyggjar sitt eige ansvar at byggverket blir utført i samsvar med dei krava som blir stilte i plan- og bygningslova, med tilhøyrande forskrifter og planar. Det er viktig at utbyggjar i slike saker tar ein prat med naboen slik at det ikkje oppstår nabokonfliktar. Litt større saker har fått forenkla saksbehandlingsmåte.

KLARE TIDFRISTAR

Den viktigaste middelet til effektivisering av saksbehandlinga er nok likevel at det i lov og forskrift er sett særskilte fristar for behandlinga av byggjesaker. Kommunane skal som hovudregel behandla søknader innan 12 veker og klager på byggjeløyve må bli sende til klageinstansen innan 8 veker. Det er òg sett ein særskilt frist for Fylkesmannen si behandling av byggjesaker, på 12 veker. Saker der kommunen eller Fylkesmannen har gitt klagen utsetjande verknad skal behandlast av Fylkesmannen innan 6 veker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida hos Fylkesmannen låg i 2016 innanfor desse fristane. Det var likevel nokre saker som på grunn av kompleksitet eller av andre årsaker fekk ei forlenga saksbehandlingstid. Det har vist seg at talet på klagesaker som blir sende inn til Fylkesmannen, framleis er høg, trass i dei nemnde forenklingane i lovverket.

EI BYGGJESAK DAGLEG I 2016

Fylkesmannen behandla 350 byggjesaker frå kommunar i Rogaland i 2016. Klagen blei tatt til følgje i 81 av desse sakene (om lag 23 prosent). Det vil seia at kommunen sitt vedtak blei oppheva eller omgjort.

Fylkesmannen behandlar også klager på kommunale reguleringsplanar. Dette er saker som har vore gjennom ei omfattande behandling i kommunen og der omsynet til det kommunale sjølvstyret veg tungt. Fylkesmannen behandla 59 påklaga reguleringsplanar frå kommunar i Rogaland i 2016. Seks av sakene (rundt 10 prosent) blei oppheva på grunn av formelle feil.



Fylkesmannen gav råd om framtidig

2016 var året då me skulle gi vår samla tilråding om kommunestruktur i Rogaland. 27. september var dagen då alle var spente på kva Magnhild skulle seia.

Mange var spente på korleis Rogaland skulle sjå ut då alle kommunane hadde gjort jobben sin. 2016 var det mest hektiske året i arbeidet med kommunereforma, og me hadde fått i oppdrag å medverka til at alle kommunane skulle gjera endelege vedtak innan 1. juli. Tida var knapp til 1. oktober då fristen for å gi vårt råd gjekk ut.

STOR AKTIVITET

Me starta året med å besøka alle kommunane. Kommunereforma var sjølvsagt eit viktig tema for desse møta. Etterpå fekk kommunane eit brev med råd og tips om kva som var lurt å tenkja på i tida fram til sommaren for å få til gode vedtak. Me laga til ei eiga momentliste til hjelp i saksutgreiinga, med ei påminning om dei aktuelle kriterier som var venta at kommunen skulle sjå på i vurderinga.

For å sikra god informasjonsutveksling og faglege råd og støtte, blei det i 2015 danna ei regional ressursgruppe med representantar frå Fylkesmannen i Rogaland, KS Rogaland, Rogaland fylkeskommune, NHO Rogaland, LO Rogaland, Distriktssenteret, IRIS og fleire kommunar. I 2016 hadde me tre møte i gruppa før sommaren. Dessutan blei alle ordførarane inviterte til fleire lunsjmøte, med god deltaking. Kommunereforma var naturlegvis på sakslista då kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner (H) besøkte Kommuneøkonomidagen i mai.

Prosessrettleiaren Anfinn Rosnes var i aktivitet



Anfinn Rosnes har vore prosessrettleiar for kommunereforma hos Fylkesmannen i Rogaland.



27. september la fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa fram tilrådinga i kommunereforma.

seint og tidleg for å vera til hjelp i sluttfasen, og me kunne knapt opna ei avis utan at det var oppslag om kommunereforma. Me brukte mange timar på å laga ferdig den endelege tilrådinga vår, der me la vekt på å involvera aktuelle kommunar. Det var knytt spenning og speulasjonar til kor mange kommunar som blei inviterte til møte med oss i perioden etter sommaren.

KVA BLEI RESULTATET?

Den frivillige prosessen førte til at fem kommunar fann saman og ville bli til to nye kommunar. Seks kommunar ville laga ny kommune, men fekk nei frå naboane sine.

kommunestruktur



Me hadde mange møte med kommunane før me leverte innstillinga vår. Her frå møtet med Forsand.

Mange var spente på kva fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa skulle seia då me inviterte alle kommunane til presentasjon av tilrådinga tysdag 27. september. NRK sendte direkte, i samarbeid med lokalavisene i fylket. Dermed kunne alle interesserte få det med seg.

Me rådte til at Eigersund og Sokndal blir ein ny kommune, trass nei i Sokndal, og at Forsand og Sandnes ikkje bør bli ein ny kommune, trass frivillig avtale. Og me peikte på kommunar som burde finna saman på noko lenger sikt. Me gav elles råd om enkelte grensejusteringar, og dette fekk meir merksemd enn det me kunne spådd på førehand.

KVA NÅ?

Me kan nå sjå tilbake på tre hektiske år med kommunereform, og me har fått nyttig kunnskap om kommunane. Me har også inntrykk av at kommunane har fått klarare føre seg dei utfordringane dei står føre, og mange gode samtalar gir grunnlag for vidare samarbeid og dialog.

Til sommaren i 2017 skal Stortinget gi oss det endelege svaret i denne omgang...

Jorda er den viktigaste ressursen vår

Rogaland har om lag ein million dekar jordbruksareal som gir grunnlag for over 20 prosent av matproduksjonen i Noreg, og over 10 000 arbeidsplassar i Rogaland.

Fotosyntesen er det viktigaste instrumentet i naturen for alt liv på jorda. Dette flotte instrumentet kan ikkje fungera utan eit jordsmonn. Det er krevjande å sjå dette store samspelet når me står føre ei konkret sak der det handlar om å leggja til rette for næringsverksemd og busetting i nærmiljøet, eller når me skal planlegga ein ny og sikker veg som mange har venta på. Me kan likevel ikkje halda fram som eit verstingfylke når det gjeld bygging på jordbruksjord, og det er ofte den beste jorda som må vika for utbygging. Eitt dekar jord i Rogaland gir normalt dobbelt så stor avling som eitt dekar i mange andre delar av landet, og me er det fylket i landet der det blir hausta mest fôr på beite. Me har slik sett eit ekstra ansvar innan jordvern.

Summen av alle vedtak i kommunane fører til at me bygger ned over 1 000 dekar god jord i Rogaland kvart einaste år. Utanom byveksten, som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdsleprosjekt den største utfordringa for jordvernet. Me kan ikkje halda fram slik.


STORTINGET HAR SKJERPA JORDVERNET

Me har eit klart oppdrag om å verna om jordbruksjorda, og det har frå sentralt hald kome

nye og tydelege signal om å redusera bygging på jordbruksjord. Stortinget har i ny nasjonal jordvernstrategi stramma inn det nasjonale jordvernålet, frå maksimalt 6 000 dekar årleg nedbygging av dyrka jord til 4 000 dekar. Me har i oppdrag å formidla dette vidare, mellom anna i ein tett dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med planar. Me er også aktivt med i regionalt planarbeid. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern har generelt høg merksemd i arbeidet vårt hos Fylkesmannen.

Hausten 2016 arrangerte me fire regionale samlingar med jordvern som tema, som eit opplærings-tiltak for kommunepolitikarane. Samlingane ga ei innføring i gjeldande jordvernpolitikk og i areal- og eigedomslovverket som kommunane er sette til å forvalta.

I 2016 starta me også arbeidet med ein regional jordvernstrategi, der målet er å få til semje om ein forpliktande strategi i løpet av 2017. Resultatet av alt dette arbeidet kan berre målast gjennom dei enkelte vedtaka ute i kommunane, og me har tru på eit oppsving for jordvernet.




Bøndene skaper store verdier for mange

Dei viktigaste føresetnadene for eit verdiskapande jordbruk er jordbruksareal og bønder. Berre i dei to første ledda i verdikjeda er det 10 000 årsverk.


Samla verdiskaping i landbruket i Rogaland er 5,6 milliardar (2014), med 6 500 årsverk på gardane (primærleddet) og 3 300 sysselsette i den landbruksbaserte industrien (til dømes meieri og slakteri). I tillegg kjem all aktiviteten som landbruket skaper i andre sektorar, eksempelvis den mekaniske industrien.

Figuren under viser at verdiskapinga i jordbruket (hos bøndene) er på over 2,7 milliardar kroner. Det ein bør merka seg spesielt er at bøndene i distrikta våre står for over 40 prosent av den totale verdiskapinga.



Fylkesmannen i Rogaland, med over 20 årsverk innan landbruk, samarbeider godt med landbruksnæringa i fylket. I dialog med kommuneleddet blir det forvalta om lag 1,4 milliardar kroner av midlane over jordbruksoppgjeret. Det er bygd opp god kompetanse både innan forvaltnings- og utviklingsoppgåver, og det er ein god dialog med det regionale partnerskapet (Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland). Ein stor del av dei prinsipielle sakene til nasjonal avgjerd kjem frå Rogaland.

Me arbeider aktivt med ei næring i omstilling – og med ei næring som har utviklingspotensiale. Me legg også mykje ressursar i miljøretta arbeid, mellom anna ved å få ned forureininga til vatn og luft. Med utgangspunkt i at bøndene er føresetnaden for heile verdikjeda, er det viktig for oss å arbeida tett på bøndene – individuelt og i grupper. Me prioriterer mobiliserande aktivitetar i heile fylket.



Figuren over viser korleis den totale verdiskapinga i jordbruket fordeler seg på dei ulike produksjonane.

Den regionale næringspolitikken slår fast at Rogaland treng eit aktivt landbruk både på Jæren og i andre delar av fylket for å kunna oppretthalda og vidareutvikla den nasjonale posisjonen som matfylke. Eit aktivt landbruk er også viktig for å sikra levande bygder og lokalsamfunn i heile



Stortinget har i den nye nasjonale jordvernstrategien stramma inn det nasjonale jordvernmålet til maksimalt 4 000 dekar nedbygging av dyrka jord. Her blir det arbeid med gang- og sykkelveg langs Heigrevegen i Sandnes.

fylket, som er ein grunnleggjande føresetnad for å få til verdiskaping og næringsutvikling innan landbruket og andre naturbaserte næringer. I Rogaland samordnar me verkemidla og verkemiddelaktørane gjennom Handlingsprogram næring. Dette er eit program for å følgja opp dei regionale næringsutviklingsplanane der Regionalplan landbruk er ein av dei viktigaste.

OPTIMISME I HEILE FYLKET

Nedgangen i oljenæringa, og overgangen til det grøne skiftet, gjer at jordbruket får ei endå viktigare rolle i Rogaland. Norsk senter for bygdeforskning har på oppdrag frå Fylkesmannen

i Rogaland spurt rogalandsbøndene om framtidstrua. Kartlegginga viser at bøndene er meir frampå og offensive enn bøndene elles i landet. Det er kjekt.

Rogalandsbøndene har sterk yrkesidentitet og er godt nøgde med det landbruksfaglege miljøet. To av tre bønder i fylket trur at nokon i familien vil ta over garden og driva vidare. Heile 42 prosent seier at det er sannsynleg med ein produksjonsauke på garden dei neste fem åra. Og nær 30 prosent ser det som sannsynleg med ei større investering innan fem år. Trendane er stort sett dei same i heile fylket.

Visjonen vår er «Me tar vare på Rogaland»

KJERNEVERDIANE VÅRE:

- Kompetent og truverdige
- Heilskapleg og lojal
- Open og tydeleg

Høge krav til barns beste

Ny rammeplan inneber ambisiøse forventningar og krav til barnehagen på barna sine vegne. Dei tilsette sin kompetanse er avgjerande for kvaliteten, og det må arbeidast jamt og trutt for å sikra forsvarleg kompetanse i kvar einaste barnehage.

Dette krev både kløkt, mot og uthald, og kommunane i Rogaland jobbar langsiktig og bevisst for å styrkja og utvikla praksisen sin i tråd med kvalitetsmåla. Fleire kommunar har i 2016 lagt til rette for at assistentar kan ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget, og talet på søkjarar til barnehagelærerutdanning har gått opp.

FLEIRE MED GODKJEND UTDANNING


Rogaland har auka delen av pedagogiske leiarar med godkjend utdanning frå 87,2 prosent i 2015 til 90,2 prosent i 2016. Men me manglar framleis om lag 250 barnehagelærarar i Rogaland. I denne situasjonen er det svært gledeleg at Klepp kommune har gjort vedtak om at halvparten av dei tilsette i barnehagane skal vera pedagogar innan 2020, og det er løyvd pengar til å sikra dette.

FØRST UTE MED KOMMUNALT BARNEHAGEFORUM

I 2015 blei Kommunalt Barnehageforum Rogaland (KB-R) etablert etter initiativ frå KS og

Fylkesmannen. Forumet er no i ferd med å finna si form. Med arbeidsutval og faste møte er dette ein tenleg samarbeidsarena både for å setja i verk nasjonal barnehagepolitikk og for å finna gode regionale løysingar på utfordringar i barnehagane. Hausten 2016 var til dømes trygt barnehagemiljø på dagsorden på bakgrunn av Universitetet i Agder si forskning om mobbing i barnehagen, og i tillegg drøfta kommunane korleis den nye rammeplanen kan takast i bruk. Rogaland var det første fylket med eit slikt forum på barnehagefeltet. I 2017 er tre fylke til i gang.

Alle barn med rett til plass fekk plass i 2016.





Tett på skuleeigarane

I grunnskulen er dei viktigaste indikatorane knytte til læringsmiljø og læringsresultat om lag som snittet for landet når me ser fylket under eitt og over noko tid. Men variasjonane er store når me ser kommunane kvar for seg.

Konkrete indikatorar blei våren 2016 tatt opp med kvar kommune i ein besøksrunde. Heile leiargruppa i embetet deltok, og me møtte politisk og administrativ toppleing i kommunen. Nokre kommunar har me tettare kontakt med, til dømes dei som har skular med vedvarande høge mobbetal. Dei to første åra med dette oppdraget hadde me heildagsmøte med alle kommunane og skulane samla, men me syntest det gav liten effekt. I 2016 sende me derfor brev til og hadde møte med kvar kommune v/skulesjef og rektor ved kvar skule på lista. Me har kravd ein plan for tiltak og gitt tilbakemelding om planen, og me følgjer opp med fleire tiltak når det er naudsynt.

LÆRINGSMILJØPROSJEKTET

I tillegg har me følgt opp kommunen som var med i pulje 2 i Læringsmiljøprosjektet, mellom anna med ei samling om forvaltningskompetanse for skulane som var med i prosjektet, og me deltok i oppsummeringsmøta med kommunen saman med rettleiarane. Fylkesmannen har også godt samarbeid med kommunen og rettleiarane som er med i pulje 3 i

Læringsmiljøprosjektet. Stortinget behandlar nye reglar om trygt skulemiljø våren 2017, og krava til skulane sitt arbeid på dette viktige området blir skjerpa.

LÆRING GJENNOM TILSYN

Tilsyn er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å medverka til god kompetanse og kvalitet i kommunane og i fylkeskommunen. Ein meir tydeleg læringsdimensjon i tilsynsarbeidet har gitt god respons frå kommunane, men det blei også i 2016 gitt varsel om pålegg i mest alle tilsyna. Nokre kommunar strevar med å retta, og me har valt å vera romslege med rettleiing når det blir bede om det.

Eit hendingsbasert tilsyn etter varsling om ulovleg tvang i spesialundervisning, blei krevjande både i gjennomføring og rettleiing. Kommunen har sett i verk omfattande tiltak både på systemnivå og ved skulen, men dei ønskjer framleis å rådføra seg med Fylkesmannen om nokre særlege utfordringar knytte til forvaltning. Det har også

vore krevjande på mange vis å følgja opp tilsyn med spesialundervisning i vidaregåande opplæring. Dette tilsynet blei varsla i september 2013 og er framleis ikkje avslutta. Etter mykje tilsend dokumentasjon og fleire møte valde me å senda eit oppsummerande brev til fylkeskommunen i juni 2016, der me varsla at me ville ta tilsynet opp i eit eige møte mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen v/ fylkesordføraren. Dette gav som resultat at fylkeskommunen oppretta eit eige prosjekt for å sikra framdrift og opplegg med vidare rettingsarbeid. Fylkeskommunen har søkt om og fått frist for retting til 20. juni 2017.

ROGALAND ER FRAMLEIS LÆRLINGFYLKET

Rogaland har i mange år vore «lærlingfylke nummer 1». Likevel er berre 3,9 prosent av alle bedriftene i Rogaland godkjende lærebedrifter. Dette er over landssnittet. Det har vore ein nedgang i talet på lærekontraktar i Rogaland dei siste tre åra, men me er framleis det fylket med flest lærekontraktar: 4 653. Trass i nedgang har Rogaland klart flest lærlingar med ungdomsrett, altså at lærlingane er under 25 år.

Det har også vore ein nedgang i talet på lærekontraktar for dei utan rett, og Rogaland er no forbigått av Oslo og Hordaland. Fleire andre fylke har auke i talet på lærekontraktar utan rett.

Me treng fleire lærebedrifter slik at alle som ønskjer det får læreplass. Me håper Lærlingprosjektet


som starta i 2017 (Rogaland fylkeskommune, LO, NHO og NAV saman med 11 kommunar), gir gode resultat.

- BLI KJEND MED FYLKESMANNEN!

Det er til dels store variasjonar i kompetansen både på skuleleiar- og på skuleeigarnivå, og forvaltningskompetanse kan vera ein kritisk variabel for å sikra rettstryggleiken. Me prøver på ulike måtar å medverka til at denne kompetansen blir styrkt, til dømes gjennom kurs og møte. Mest halvdel av kommunane i fylket har tilsett ny skulefagleg ansvarleg i løpet av få år, nokre utan tidlegare erfaring frå tilsvarande stilling. Me har invitert alle nye til ein «Bli kjend med Fylkesmannen»-dag, første gong i 2014 og også våren 2016. Me er i tillegg særleg medvitne om informasjon og rettleiing til desse kommunane.

I tillegg styrkjer me no samarbeidet med dei tre kommunenettverka for å medverka til betre «skreddarsaum» når det gjeld informasjon og rettleiing. Det meste blir betre når kommunane sjølve får seia kva dei treng. Me meiner desse tiltaka både gir resultat over tid og legg til rette for gode relasjonar mellom kommunane og Fylkesmannen. På kort sikt opplever me at skulefagleg ansvarlege har låg terskel for å ta kontakt med oss. Samla sett meiner me at kontakten mellom Fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen er prega av tillit og respekt, og at dette skaper eit godt utgangspunkt for forbetningsarbeid.

Gjennomføring siste tre kull



Vaksenopplæring i ei omstillingstid

Noreg er eit av landa i verda med høgast sysselsettingsgrad, og norske arbeidstakarar har gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og bruk av IKT samanlikna med mange andre OECD-land.

Men internasjonale undersøkingar viser også at altfor mange vaksne i Noreg er svake i lesing og rekning, og at endå fleire har svak digital kompetanse. Betre tiltak for denne gruppa er ein av tre hovudstrategiar i stortingsmeldinga «Fra utenforskap til ny sjanse», lagt fram våren 2016. Det er ingen grunn til å tru at Rogaland skil seg frå resten av landet, og det må såleis reknast med at om lag 40 000 rogalendingar les dårleg, mest 50 000 har dårleg talforståing og mest 90 000 har svak digital kompetanse. Dei to andre strategiane i meldinga er å gi betre høve til vidaregåande opplæring for vaksne og å styrkja kvaliteten i opplæringstilboda til innvandrarar.

Her i fylket er utfordringane på vaksenopplæringsfeltet forsterka av høg arbeidsløyse og av flyktning-situasjonen. Ved utgangen av januar 2017 var det registrert 12 779 arbeidslause i Rogaland, og om lag 3 400 av desse har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Dobbelt så mange menn som kvinner er utan jobb. Arbeidsløysa er høgast i aldersgruppa 25-29 år.

Fylkesmannen tok i 2015 initiativ til etablering av Vaksenopplæringsrådet for Rogaland, og rådet blei konstituert i mars 2016. Både kommunane, fylkeskommunen, KS, NAV, LO, NHO, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og VID vitskapelege høgskule er med, og me arbeider no med å utvikla ein handlingsplan. Målet vårt er å medverka til offensiv satsing på vaksenopplæring i fylket og til tenleg organisering av samarbeidet i sektoren, slik at flest mogleg vaksne har kompetanse som gir grunnlag for stabilt og varig tilhøyr til arbeidslivet.

TRYGG FRAMTID FOR FLYKTNINGANE

Trass i at talet på flyktningar til Europa var høgt i 2016, gjekk talet på dei som kom til Noreg, ned. Ei rekke asylmottak vart nedlagde som følgje av dette, også mottak for einslege mindreårige og mottak som var relativt nyetablerte. Fylkesmannen i Rogaland var kritisk til prosessane knytte til nedlegging av mottak og flytting av barn, og meiner




Framsida av Nasjonal kompetansestrategi

at rettar i Barnekonvensjonen og omsynet til barnet sitt beste ikkje vart tilstrekkeleg ivare tatt i denne prosessen.

Fylkesmannen i Rogaland er også bekymra for einslege mindreårige som har avgrensingar i opphaldsløvet (dei blir sende ut når dei er 18 år eller dei er gitt opphald for eitt år om gongen). Slike avgrensingar kan føra til at desse ungdommane ikkje blir integrerte i buområda, og til at kommunane i mindre grad legg forholda til rette for å følgja opp rett til utdanning, aktivitet, helse m.v. Å leva med så usikker framtid kan også føra til psykiske vanskar. Det er kjent at mange i denne gruppa forsvinn frå mottaka, utan at ein veit kvar dei drar eller korleis dei livnærer seg.

Embetet har faste møte i ei flyktninggruppe med representantar frå fleire avdelingar. Her blir fagavdelingane og embetsleiinga orienterte og oppdaterte om status og utfordringar på opplæringsområdet, helse og verjemål, noko som gjer kontaktflata mot kommunane stor. På denne måten får ein raskt tak i små og store utfordringar, og kan raskt avklara og hjelpe kommunane. Fylkesmannen har arrangert fleire samlingar og fagdagar med tema som kommunane har etterspurd, t.d. om inkludering og busetting av einslege mindreårige, opplæring, helse og introduksjonslova.



Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
N-4001 Stavanger Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T +47 56 87 00
F +47 51 88 11
E fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland